



Protokoll

Det 43. ordinære Idrettskrinsting

Sandane 5. april 2014

DM- 683228

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- 1.2 Godkjenning av innkallinga
- 1.3 Godkjenning av forretningsorden.
- 1.4 Godkjenning av saklista.
- 1.5 Val av dirigent.
- 1.6 Val av sekretærar.
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

2.0 Årsmelding 2012-2013

3.0 Rekneskap 2012-2013

4.0 Revisjon

- 4.1 Engasjere revisor.
- 4.2 Fastsette revisor sitt honorar.

5.0 Innkomne saker

Ingen innkomne saker

6.0 Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2016

7.0 Val

- 7.1 Idrettskrinsstyre
- 7.2 Kontrollkomite
- 7.3 Representantar til Idrettstinget
- 7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting

AVSLUTNING

SAKSHANDSAMING:**Opning**

Leiar Aud Kari Isane opna tinget med minnestund over avlidne idrettsleiarar i fylket i perioden. Ho held deretter fram med sin helsingstale til tinget.

Helsingstalar

Følgjande helsa deretter tinget:

- Ordførar i Gloppen, Anders Ryssdal
- Fylkesordførar Åshild Kjelsnes
- NIF v/ styremedlem Astrid Waaler Kaas
- Møre og Romsdal Idrettskrets v/ Rune Sjøholm
- Høgskulen i Sogn og Fjordane v/ Rasmus Stokke

1.0 Konstituering**1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane**

Idrettskrinstyret har kontrollert lista over fullmakter. Ved konstitueringa av tinget var det 44 representantar med røysterett.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.
Samrøystes vedteke

	Organisasjonsledd	Fornavn	Etternavn		
	Idrettskrinstyret				
1	Leiar	Aud Kari	Isane		
2	Styremedlem	Arve	Heimdal		
3	Styremedlem	Rune	Sunde		
4	Styremedlem	Johan	Kjerstad		
5	Styremedlem	Torill	Faleide		
	Særkrins / region				
6	Sogn og Fjordane Fotballkrets	Mona Ø.	Standal		
7	Sogn og Fjordane Fotballkrets	Anne	Vedvik		
8	Sogn og Fjordane Fotballkrets	Ingemund	Sægrov		
9	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Håkon	Løseth		
10	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Merete	Helgheim		
11	Sogn og Fjordane Gym. og turnkrins	Jan Endre	Nesdal		
12	Sogn og Fjordane Gym. og turnkrins	Susanne	Wilheim		
13	NHF Region Vest	Arvid	Gimmestad		
14	NHF Region Vest	Ruth-Sølvi	Helland		
15	NHF Region Vest	Øyvind	Indrebø		
16	Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins	Leiv	Tvinnereim		
17	Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Eldbjørg	Hatledal		
18	Sogn og Fjordane Skikrins	Inge	Fænn		
19	Sogn og Fjordane Skikrins	Halvard	Nygård		

IDRETTSKRINSTINGET 2014

5. april 2014

20	Sogn og Fjordane Skikrins	Lilly	Schøyen		
21	Sogn og Fjordane Skikrins	Reidun	Hegrenes		
22	NMF Region Vest - motorsport	Cecilie	Flister		
23	NMF Region Vest - motorsport	Gunnar	Huse		
24	Sogn og Fjordane Vektløftarkrins	Ola	Bergheim		
25	NVBF Region Sogn og Fjordane	Terje Steinar	Vallestad		
26	Sogn og Fjordane Skyttarkrins	Kristin	Sandal		
27	Sogn og Fjordane Skyttarkrins	Helge	Løtuft		
	Sogn og Fjordane Bandykrins	Eirin	Andersen		Observatør
	Idrettsråd				
28	Askvoll Idrettsråd	Geir	Helle		
29	Stryn Idrettsråd	Gunnar	Harstad		
30	Stryn Idrettsråd	Per	Øen	Forfall	
31	Høyanger Idrettsråd	Jarl	Ulvestad		
32	Sogndal Idrettsråd	Knut	Navarsete		
33	Sogndal Idrettsråd	Tom Wolff	Navarsete		
34	Sogndal Idrettsråd	Jøril	Hovland	Forfall	
35	Sogndal Idrettsråd	Gunnar	Solbakken		
36	Gloppen Idrettsråd	Sigtor	Tveit		
	Idrettslag				
37	Askvoll og Holmedal IL	Stein-Erlend	Nesberg		
38	Lærdal IL	Hallvard	Thomassen		
39	Sandane T&IL	Jarle	Løken		
40	Hafslo IL	Per Birger	Lomheim		
41	Hornindal IL	Robert	Grodås	Forfall	
42	IL Høyang	Svein Arne	Høyheim		
43	Stryn T&IL	Kjell	Opheim		
44	Markane IL	Kjetil	Svarstad		
45	Breimsbygda IL	Pål	Sandal		
46	IL Fanaråk	Anders	Fortun		
63	Fjellhug/Vereide IL	Berit Åsebø	Hauge		
	Tale og forslagsrett				
47	Organisasjonssjef	Anne	Lever Sund		
	Gjester				
48	NIF - styremedlem	Astrid	Waler Kaas		
49	Ordfører i Gloppen	Anders	Ryssdal		
50	Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesordfører	Åshild	Kjelsnes		
51	Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Leiar hovedutval for kultur	Nils	Gjerland		
52	Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkesdirektør for kultur	Ingebjørg	Erikstad		

53	Møre og Romsdal Idrettskrets, organisasjonssjef	Rune	Sjåholm		
54	Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Dagleg leiar	Pål	Fidjestøl	Forfall	
55	Høgskulen i Sogn og Fjordane, Dekan ved avd. for lærarutdanning og idrett	Rasmus	Stokke		
	Dirigent				
56	Dirigent	Reidar	Sandal		
	Administrasjonen IK				
57	Plan- og utdanningsleiar	Ingar	Breilid		
58	Økonomikonsulent	Erling	Benjaminsen		
59	Prosjektleiar ungdomsprosjekt	Ann Kristin	Grodås		
	Tilsette særkrins/region				
60	Skikrinsen	Yngve	Thorsen		
61	Friidrettskrinsen	Narve	Heggheim		
62	NHF Region Vest	Torbjørn	Iversen		

1.2 Godkjenning av innkalling

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner innkallinga.
Samrøystes vedteke

1.3 Godkjenning av forretningsorden

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.
Protokollen vert ført av dei valde sekretæra, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovending som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unntak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.
Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.
5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.

6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.
8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.
Samrøystes vedteke

1.4 Godkjenning av saklista

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.
Samrøystes vedteke

1.5 Val av dirigent:

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Reidar Sandal

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.
Samrøystes vedteke

1.6 Val av sekretærar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:
Ingar Breilid (tilsett S/Fj. Idrettskrins)
Yngve Thorsen (tilsett S/Fj. Skikrins)

VEDTAK: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.
Samrøystes vedteke

1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

VEDTAK: Representanten: Terje Vallestad, NVBF Region Sogn og Fj.
Representanten: Øyvind Indrebø, NHF Region Vest
Samrøystes vedteke

2.0 Årsmelding 2012-2013

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner årsmeldinga for 2012-2013
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2012-2013 til godkjenning.

Innleiing v/ leiar i idrettskrinsen, Aud Kari Isane.

Følgjande hadde ordet i saka: Inge Fænn (skikrinsen), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Håkon Løseth (fri-idrettskrinsen), Aud Kari Isane (leiar idrettskrinsen), Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen), Arvid Gimmestad (NHF Region Vest), Inge Fænn (skikrinsen), Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen), Anne Leversund (org.sjef idrettskrinsen),

Følgjande vert teke inn som rettingar i Årsmelding 2012-2013:

- ✓ Sogn og Fjordane Fri-idrettskrins, s. 23 (pkt. 1.3);
Stillingsprosenten for dagleg leiar i Sogn og Fjordane Fri-idrettskrins endrast frå 100% stilling i fri-idrettskrinsen, til 70% stilling i fri-idrettskrinsen og 30% i Norges Fri-idrettsforbund.
- ✓ Odd Bjarne rettast til Odd Bjarne Solheim, s 23 (pkt. 1.3)
- ✓ NHF Region Nord-Vest rettast til NHF Region Vest, s. 23 (pkt. 1.3)
- ✓ Florø kommune rettast til Flora kommune, s. 34 (pkt. 3.1.)
- ✓ I Idrettssenteret A/S er det arrangert 8 styremøte ikkje 4, s. 73 (pkt. 6.11)

3.0 Rekneskap 2012-2013

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner framlagd rekneskap for 2012-2013
Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

Rekneskap for 2012-2013 er tekne inn i årsmeldinga.

Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

Anne Leversund (org. sjef idrettskrinsen) la fram rekneskapen for 2012-2013.

Følgjande hadde ordet i saka: Arvid Gimmestad (NHF Region Vest) og Ola Bergheim (vektløftarkrinsen).

4.0 Revisjon

4.1 Engasjere revisor

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

Samrøystes vedteke

Bakgrunn:

I følge NIF-lov § 5-9, pkt. g og SFIK - lov § 10 pkt. 9, skal idrettskrinstinget engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

4.2 Fastsetting av revisor sitt honorar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.

Samrøystes vedteke

5.0 Innkome saker

Ingen innkome saker

6.0 Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2016

Idrettskrinsstyret si innstilling:

Idrettskrinstinget vedtek Strategiplan 2014-2016 og ber Idrettskrinsstyret, særkrinsar, særiddrettar, idrettsråd og idrettslag følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen. Langtidsbudsjett 2014-2016 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Vedtak: Idrettskrinstinget sluttar seg til styret sitt framlegg til Strategiplan og langtidsbudsjett for tingperioden 2014-2016, med dei endringane som går fram av vedtekne framlegg handsama i tinget. Idrettskrinstinget ber Idrettskrinsstyret og dei øvrige organisasjonsledda i idretten å følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen.

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret legg fram strategiplan med langtidsbudsjett for tingperioden 2014 - 2016.

Idrettspolitisk dokument 2011-2015 frå Idrettstinget 2011 har m.a. lege til grunn for utarbeiding av strategiplanen.

Planen skal gi retning og vere verktøy for idrettskrinsen, særkrinsar/ regionar/særiddrettar, idrettsråd og idrettslag sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggjarane i fylket.

Målet må vere å få til felles løft på innsatsområde som er viktige for heile idretten i fylket ut frå status og utfordringar.

Planen er bygd opp med intensjonar om å legge særleg vekt på dei område, oppgåver og prosjekt vi kan stå saman om på tvers av arbeidsdelinga i idretten.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

Innleiing v/ leiar i idrettskrinsen, Aud Kari Isane.

Følgjande hadde ordet i saka:

Hallvard Nygård (skikrinsen), Arvid Gimmetstad (NHF Region Vest), Nils Gjerland (fylkeskommunen), Rune Sjøholm (Møre og Romsdal Skikrets), Ingemund Sægrov (fotballkrinsen), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Inge Fænn (skikrinsen), Anne Leversund (org.sjef idrettskrinsen), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Johan Kjærstad (idrettskrinsstyret), Berit Åsebø Hauge (Fj./Vereide IL), Toril Faleide (idrettskrinsstyret), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Terje Steinar Vallestad (volleyballkrinsen), Rune Sunde (idrettskrinsstyret), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Aud Kari Isane (idrettskrinsstyret), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Arve Heimdal (idrettskrinsstyret), Anne Leversund (org.sjef idrettskrinsen), Terje Steinar Vallestad (volleyballkrinsen), Inge Fænn (skikrinsen), Arvid Gimmetstad (NHF Region Vest), Rune Sunde (idrettskrinsstyret), Nils Gjerland (fylkeskommunen), Ingemund Sægrov (fotballkrinsen), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Johan Kjærstad (idrettskrinsstyret), Arvid Gimmetstad (NHF Region Vest), Ingebjørg Erikstad (fylkesdirektør kulturavdelinga), Geir Helle (Askvoll Idrettsråd), Terje Steinar Vallestad (volleyballkrinsen), Inge Fænn (skikrinsen), Johan Kjærstad (idrettskrinsstyret), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Arvid Gimmetstad (NHF Region Vest), Aud Kari Isane (idrettskrinsstyret), Mona Ø. Standal (fotballkrinsen), Svein Arne Høyheim (IL Høyang), Helge Løtuft (skyttarkrinsen), Rasmus Stokke (Høgskulen i Sogn og Fjordane), Ola Bergheim (vektløftarkrinsen), Mona Ø. Standal (fotballkrinsen), Inge Fænn (skikrinsen), Arvid Gimmetstad (NHF Region Vest) og Johan Kjærstad (idrettskrinsstyret),

Framlegg til endring frå Hallvard Nygård (skikrinsen):

Punktet Innleiing i strategiplanen, (s.109):

Planen skal gje retning og vere verktøy for idrettskrinsen, særkrinsar/regionar/særiddrettar/idrettsråd og idrettslag sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggjarane i fylket.

Vert endra til:

Planen skal gje retning og vere verktøy for idrettskrinsen og organisasjonsledda i idretten sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggjarane i fylket.

Formuleringa skal innarbeidast i heile planen.

Vedtak: Endringsforslaget samrøystes vedteke.

Framlegg til endring frå Inge Fænn (skikrinsen) Hovudutfordringar 2014-2016, s. 112:

Innsatsområdet knytt til pkt. Styrka rammevilkår skal ha prioritet nummer 1. Dei øvrige punkta skal stå som før.

Vedtak: Endringsforslaget samrøystes vedteke.

Framlegg til endring frå Ola Bergheim (vektløftarkrinsen) Framtidas utøvarar, kulepunkt 1 (delmål), s. 116:

Arbeide systematisk med utvikling av unge utøvarar over tid med kontinuitet, kvalitet og kreativitet som særpreg i eit regionalt utviklingscenter i eit prosjekt med oppstart i tingperioden.

Vert endra til:

Arbeide systematisk med utvikling av unge utøvarar over tid med kontinuitet, kvalitet og kreativitet i eit regionalt utviklingscenter i eit prosjekt med oppstart i tingperioden.

Ola Bergheim (vektløftarkrinsen) trekte forslaget.

Teksten vert dermed som forslaget i Strategiplan 2014-2016.

Framlegg til endring frå Aud Kari Isane (idrettskrinsstyret):

Som nytt punkt i strategiplanen. Vaksenidretten.

Mål: Idretten møter den vaksne befolkninga sine ønskje og behov for å vere fysisk aktive og drive aktiv trening.

Delmål: Ein større del vaksne medlemmer vel å trene innanfor idrettslaga sine aktivitetstilbod.

Framlegget frå Aud Kari Isane vert sendt over til det nye styret for vidare oppfølging.

Ingen votering.

Framlegg til endring frå Inge Fænn (skikrinsen) under kulepunkt 1 s. 120, delmål kapittel Rammevilkår:

Prioritere arbeidet med å sikre større årlege fylkeskommunale løyvingar til drift og aktivitet på minst 2 millionar.

Vert endra til:

Prioritere arbeidet med å sikre større årlege fylkeskommunale løyvingar til drift og aktivitet på minst 2 millionar, og også inkludere næringslivet i dette.

Framlegg frå idrettskrinsstyret til nytt kulepunkt 2, side 120, delmål under kapittel Rammevilkår:

Idrettskrinsen skal arbeide aktivt overfor næringslivet for å sikre basisøkonomien i idretten.

Votering over framlegga frå Inge Fænn (skikrinsen), idrettskrinsstyret og opphavleg framlegg i strategiplanen ga følgjande resultat:

- **Inge Fænn (skikrinsen) sitt framlegg fall mot 23 røyster.**
 - **Opphavleg framlegg frå idrettskrinsstyret i strategiplanen vart vedteke mot 20 røyster.**
 - **Framlegget frå idrettskrinsstyret til nytt kulepunkt vart vedteke mot 7 røyster.**
-

Framlegg frå Arvid Gimmestad (NHF Region Vest) Idrettsanlegg (delmål), s. 121 – nytt kulepunkt:

Arbeide for gratis bruk av offentlege idrettsanlegg for barn og ungdom opp til 19 år.

Arvid Gimmestad trekte framlegget.

Framlegg til endring frå Arvid Gimmestad (NHF Region Vest) Rammevilkår (delmål), s. 120 – nytt kulepunkt:

Arbeide for gratis bruk av offentlege idrettsanlegg for barn og ungdom opp til 19 år.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Framlegg til endring frå Inge Fænn (skikrinsen) Idrett og folkehelse, Idrettskrinsen si rolle (s. 122):

Idrettskrinsen si rolle er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane og bidra som samarbeidspart i ulike prosjekt og tiltak.

Vert endra til:

Idrettskrinsen si rolle er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane og bidra som samarbeidspart i ulike prosjekt og tiltak, under dette også inkludere «våre nye landsmenn» og også få idretten tilbake i skulen.

Vedtak: Samrøystes vedteke

Framlegg til endring frå Ola Bergheim (vektløftarkrinsen) Idrett og samfunn, nytt kulepunkt nr. 3 (delmål), s. 123:

Sikre ungdom vilkår som stettar behov og ynskje om aktivitetstilbod og meistringsoppgåver i vidaregåande skule.

Opphavleg kulepunkt nr. 3 vert nummer 4.

Vedtak: Samrøystes vedteke

Langtidsbudsjett 2014-2016.

Framlegg til endring frå Arvid Gimmestad (NHF Region Vest) Langtidsbudsjett 2014-2016:

Det fylkeskommunale tilskotet i 2015 og 2016 vert auka til kr. 1 750 mill. På kostnadssida skal posten *Tilskot og indir. kostnader* aukast til kr. 1 240 mill i 2015 og 2016.

Endringane skal inn i fordelingsnøkkelen.

Vedtak **Samrøystes vedteke.**

Langtidsbudsjett 2014-2016 etter vedtekne endringar:

LANGTIDSBUDSJETT 2014-2016
SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

	LTB 2014	LTB 2015	LTB 2016
INNTEKTER			
Sponsorinntekter	100 000	100 000	100 000
Fylkeskommunen tilskot	1 250 000	1 750 000	1 750 000
NIF - rammetilskot	1 426 000	1 468 000	1 512 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekter	1 532 000	1 577 000	1 624 000
Andre inntekter, sal av tenester med mer.	418 000	430 000	442 000
Sum inntekter	4 726 000	5 325 000	5 428 000
UTGIFTER			
Personal og andre adm.kostnader	2 833 400	2 940 000	2 998 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekter	1 208 000	1 265 000	1 310 000
Tilskot og indir.kostn.	1 047 600	1 240 000	1 240 000
Sum driftskostnader	5 089 000	5 445 000	5 548 000
Driftsresultat	-363 000	-120 000	-120 000
Sum Finansinnt. / kostn.	120 000	120 000	120 000
Årsresultat	-243 000	0	0

7.0 Val**Valnemnda sitt framlegg:**

Innleiing v/Gunnar Harstad, leiar i valnemnda.

7.1 Idrettskrinsstyre:

Verv	Namn:	Stad	idrettslag	Ny/ Attval
Leiar:	Nils R. Sandal	Byrkjelo	Breimsbygda IL	Ny
Nestleiar:	Arve Heimdal	Stårheim	Stårheim IL	Attval
Styremedlem:	Aud Kari Isane	Balestrand	Balestrand IL	Ny (som st.medl.)
Styremedlem:	Ruth Sølvi Helland	Florø	Florø Sportsklubb	Ny
Styremedlem:	Lilly Schøyen	Sogndal	Sogndal IL	N
1. varamedlem:	Ingrid Heien	Sandane	Gloppen HK	Ny
2. varamedlem:	Stian Grimseth	Naustdal	Tambarskjelvar IL	Attval

Samrøystes vedteke**7.2 Kontrollkomite**

Verv	Namn:	Stad	idrettslag	Ny/ Attval
Medlemer:	Terje Gjertsen	Førde	Førde IL	Ny
	Björg Eikum Tang	Sogndal	Sogndal IL	Attval
Varamedlemmer:	Ann Kristin Solheimsnes Vindheim	Førde	Førde IL	Attval
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen	Viksdalen IL	Attval

Samrøystes vedteke**7.2 Representantar til idrettstinget**

Framlegg til

Vedtak:

Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettsting og eventuelle ekstraordinære Idrettsting.

Samrøystes vedteke

7.3 Valnemnd til neste idrettskrinsting

Idrettskrinsstyret sitt framlegg:

Leiar:	Gunnar Harstad	Oppstryn IL
Medlem:	Siss May Edvardsen	Tambarskjelvar IL
Medlem:	Sindre Roska	Førde VBK
Varamedlem:	Gunnar Solbakken	Sogndal IL

Samrøystes vedteke

Idrettskrinstinget 2014 vart heva kl. 17.15 laurdag 5.april 2014.

Utmerkingar

Prisen «**Idrettsnamnet 2014 Årets frivillig**» vart delt ut til Anders Fortun (IL Fanaråk).

Aud Kari Isane ønskte nyvald leiar Nils R. Sandal lukke til med arbeidet og gav ordet til han.

Aud Kari Isane takka tingforsamlinga og heva tingsetet.

Følgjande vart takka med blomsterhelsing:

Åshild Kjelsnes, Reidar Sandal, Rasmus Stokke, Gunnar Harstad, Ingar Breilid, Yngve Thorsen, Erling Benjaminsen, Rune Sunde, Anne Leversund, Johan Kjørstad, Toril Faleide Gundersen, Ann Kr. Grodås, Arve Heimdal og Aud Kari Isane.



Terje Vallestad



Øyvind Indrebø